



Fellessøknad Erasmus+ - Kva må skulen gjere?

For å få tildelt midlar:

1. Kvar skule må ha ein internasjonal kontaktperson/koordinator, som fører skulen sin dialog med fylkeskommunen (skulane bør også ha ein eigen internasjonal strategi).
2. Skulen må deretter skrive ein forenkla søknad til fylkeskommunen der de beskriv kva prosjekt de ønskjer å gjennomføre, kor mange elevar skulen ønskjer å sende til kvart land og så vidare (sjå eige søknadsskjema).
3. Den internasjonale kontaktpersonen ved skulen sender søknaden til fylkeskommuna **innan 1. desember**.

Fylkeskommunen sender deretter ein felles søknad til Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU), som behandlar søknaden i løpet av våren. Når fylkeskommunen får svar på søknaden (normalt i april/mai), vil dei tildelte midlane fordelast på dei skulane som har søkt.

Når skulen har fått tildelt midlar:

Etter at skulen har fått beskjed om tildeling av midlane frå fylkeskommunen, kan de for fullt begynne arbeidet med tilrettelegginga for prosjektet. Her er ei huskeliste for kva skulen bør passe på før, under, og etter opphaldet i utlandet.

Før avreise:

1. Velje ut deltakarar til prosjektet (sjå eige dokument med tips til utveljing).
2. Avtale tidspunkt for utplassering med mottakarorganisasjon(ane).
3. Setje opp eit program for opphaldet i samarbeid med mottakarorganisasjonen.
4. Informere og førebu elevar og føresette.
5. Lage opplæringsplanar i samarbeid med deltakar og mottakar (signerast av alle partar).
6. Bestille flybillettar og organisere overnatting.
7. Sjekke at deltakarane har gyldig pass, reiseforsikring og Europeisk helsetrygdekort (og eventuelt visum).
8. Informasjon om deltakarane skal sendast til Utdanningsavdelinga **seinast 3 veker før avreise**.

Under opphaldet:

1. Sørge for at det blir gjennomført evaluering av elevane ute i utplasseringsbedriftene.
2. Få underskrift på den enkelte elev sitt Europass.
3. Sørge for at beredskapsplanen følgjast dersom det skjer noko uforutsett under opphaldet.

Etter opphaldet:

1. Gjennomføre evaluering av prosjektet for elevane og dei tilsette som har deltatt.
2. Sende ei kort oppsummering av prosjektet til fylkeskommunen (kva gjekk bra/mindre bra, resultat frå opphaldet, erfaringar til neste prosjekt osv.). Oppsummeringa skal sendast til Utdanningsavdelinga seinast 4 veker etter at deltakarane har kome heim.
3. Dele erfaringar frå prosjektet på skulen si heimeside/sosiale media.
4. Utdeling av Europass til dei elevane som deltok i prosjektet.

Spørsmål kan rettast til Sunniva Hellandsvik Ødegård: sunniva.odegard@mrfylke.no / +47 712 80 383, eller Cecilia Lillthors: cecilia.lillthors@mrfylke.no / +47 712 80 314.